Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 12.04.2021
Vår ref: 2020/8464
Dykkar dato: 01.02.2021
Dykkar ref:

LØVIKNES ROLF MORTEN
Tippa 22
6773 NORDFJORDEID

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Vedtak om løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg

Statsforvaltaren i Vestland gir Rolf Morten Løviknes løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg på Haugen i Stad kommune. Verksemda har søkt om å motta og miljøsanere kasserte køyretøy og båtar, og mindre mengder næringsavfall frå bygging og riving. Løyvet regulerer mellom anna utslepp til vatn, luft, og støy og set rammer for kor mykje avfall som kan handterast på anlegget.

Vi viser til søknad av 1.2.2021 om løyve etter forureiningslova.

Statsforvaltaren gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og § 29 og avfallsforskrifta §11-6. Løyvedokumentet følgjer med som vedlegg. Vi har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som drifta elles vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Statsforvaltaren lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Vi har vurdert tiltak som fører til fare for forureining av vatn etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å halde ved lag og, om nødvendig, betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet har vi regulert gjennom særskilde vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagde under saksbehandlinga eller på annan måte må reknast å ha vore kjende då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte stoffa som er oppførde i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere baserte på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring av vilkår

i løyvet må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

At vi har gitt løyve til forureininga fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for skader, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å halde krava i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider www.miljødirektoratet.no og www.lovdata.no.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter, er straffbare.

Offentleggjering av løyvet
Vedtaket om løyvet vert offentleggjort på www.Statsforvaltaren.no/vestland. Løyvet og kontrollrapportar er også offentleg tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no.

Tilsyn
Statsforvaltaren vil gjennomføre tilsyn med verksemda med jamne mellomrom. Tilsynsfrekvensen vil avhenge av risikopotensialet til verksemda, og korleis verksemda stettar krava som gjeld for drifta.

Fleire av dei spesifikke vilkåra i løyvet er sette med bakgrunn i dei reglane i kap. 36 i forureiningsforskrifta som er gitt i samsvar med felles europeisk regelverk. Det gjeld mellom anna overvaking av grunn og energistyring.

Bakgrunn og søknad
Eigedomen vert i dag brukt til lagring og parkering. Verksemda ønskjer no å kunne ta imot næringsavfall, vesentleg frå bygge- og anleggsaktivitet, i tillegg til å etablere mottak for kasserte køyretøy og fritidsbåtar. Gjenvinningsaktivitetar vil skje innandørs. Anlegget vil ikkje har prosessavløpsvatn. Avrenning frå uteareal kan føre med seg diffus forureining. Det er sett krav til maksimal konsentrasjon av olje i avløpsvatnet, og verksemda må dokumentere at det ikkje skjer diffus avrenning av prioriterte miljøgifter (liste er gitt i vedlegg 1 til løyvet) eller andre moglege uakseptable utslepp.

Saksgang
Søknaden har vore førehandsvarsla til alle som kan tenkast å verte særleg råka av eventuelle miljøpåverknader frå anlegget, og kunngjort på nettsida til Statsforvaltaren. Søknaden vart også send til Stad kommune for uttale. Det kom ikkje uttaler frå førehandsvarslinga.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngiving
Det følgjer av forureiningslova at avfallsanlegg som kan føre til eller vere fare for forureining eller verke skjemmande, må ha utsleppsløyve. Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne gjere vedtak i saka.

Forhold til plan
Området er avsett til industri reguleringsplan frå 20.5.2009, jf. brev frå Stad kommune datert 28.3.2021 (sak 21/11394).

Avfallstypar og aktivitetar
Verksemda planlegg å verte eit mottak for kasserte køyretøy og båtar, og vil også ta imot næringsavfall frå bygg- og anleggsaktivitet. Løyvet omfattar ikkje farleg avfall. Verksemda kan difor ikkje hente eller ta imot farleg avfall frå andre. Farleg avfall som oppstår på verksemda på grunn av sanering av køyretøy og båtar, vil verte registrert i farleg avfalls systemet med verksemda som opphav. Dersom farleg avfall kjem inn på anlegget skal det så snart som mogleg leverast til dei som kan ta imot dette. Dersom dette skjer regelbunden, må verksemda ha løyve etter forureinings-regelverket, sjå spesielt kap. 11 i avfallsforskrifta.

Næringsavfallet vil verte sortert og omlasta for å førebu avfallet til gjenbruk eller gjenvinning. Vrak vil verte miljøsanert og levert til godkjent sluttbehandling /gjenvinning.

Statsforvaltaren har sett vilkår om at alt avfall skal lagrast innandørs og på tett dekke med oppsamling av eventuelt forureina avløpsvatn. Annan lagringsmåte vert godtatt dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern. Dette vilkåret krev dokumentert risikovurdering om handtering, inkludert lagring, av dei ulike avfalls-typane fører til uakseptabel avrenning, støy eller anna forureining. Dersom det viser seg at forureininga er uakseptabel skal verksemda gjennomføre risikoreduserande tiltak. Dersom tiltaka ikkje fungerer må aktivitetane gå føre seg innandørs og på tett dekke.

Det er ønskeleg at alt motteke avfall vert handtert og sendt til gjenvinning eller sluttbehandling så snart som råd. Maksimal ramme for lagring av avfall er sett til 12 månader. Avfallet må uansett takast hand om slik at det vert til minst mogleg skade og ulempe. I samsvar med prinsippa for avfallshandtering i § 2 i forureiningslova skal drifta av anlegget vere innretta slik at motteke avfall kan ombrukast eller materialgjenvinnast så langt det er mogleg.

Utslepp til vatn
Verksemda har ikkje prosessavløp. Diffus avrenning frå lager og transportareal vert samla til sandfang og eventuelt til oljeutskiljar. Avløpsvatnet vert deretter ført til kommunalt nett etter avtale med kommunen. Den kommunale avløpsleidninga har utslepp i Eidsfjorden.

Vurdering etter naturmangfaldlova
I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova lagde til grunn for vår vurdering. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar i direkte nærleik av anlegget. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at vurderinga i hovudsak skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt. Arealbruken er i samsvar med endeleg vedtak etter plan- og bygningslova, og er opparbeidd til industriføremål. Naturmangfald vert difor i liten grad omfatta av denne etableringa, og nærare vurderingar etter §§ 9 – 12 er vurdert å vere unødvendig. Omsyn til miljøet er ivareteke så langt det er mogeleg med fastsetjing av vilkåra for drifta.

System for sporing av og oversikt over avfall på anlegget
Vi har i løyvet sett krav til eit system for sporing av og oversikt over mottak, plassering av og mengd avfall på anlegget. Systemet skal innehalde all informasjonen som er nødvendig for å sikre oversikt over motteke, lagra og vidaresendt avfall, mellom anna dato for når avfallet vart teke imot, eintydig referansenummer (frå deklarering av farleg avfall), informasjon om tidlegare avfallshavar (opphav),

resultat frå eventuell førehandsgodkjenning og analysar, typar avfall, lagring og annan behandling, mengd og transport til godkjent mottakar.

Utsleppskontroll
Vi har sett krav om at verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll. Programmet skal sikre at verksemda ikkje har uakseptabel forureining. Utsleppskontrollen må difor vere tilstrekkeleg til å kunne avgjere om aktiviteten kan føre til utslepp av prioriterte miljøgifter (omtalt i vedlegg 1 i løyvet), og dokumentere nivåa for annan forureining. Verksemda må saman med uavhengig kompetanse vurdere kva som skal takast prøver av, prøvetakingsfrekvens og kva det skal analyserast på.

Utslepp til luft
Det er ikkje venta at verksemda skal medføre sjenerande lukt eller støv til omgjevnadene. Diffuse utslepp frå lagring, produksjonsprosessar og uteareal som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Verksemda bør vurdere tiltak mot forureining frå lagring i samsvar med tilrådingane i BAT-referanse dokumentet EFS (Emissions from Storage)[1].

Støy
Det er ikkje venta at verksemda vil bidra nemneverdig til støy til miljøet for eksisterande, støyutsette eigedomar. I løyvet har vi sett standardkrav for støy som gjeld for industri i den driftstida verksemda har søkt om. Nemningane følgjer definisjonen i T-1442/2016 (Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging). Støygrensene er sett som gjennomsnittsnivå (ulikt for ulike tider på døgnet). Rett støynivå kan ein difor berre finne ut ved kombinasjon av måling og utrekning. Merk at for måling av industristøy må ein følgje metoden i M-290/2015[2] *Måling av støy fra industri*. Merk også at for industristøy gjeld grenseverdien for gjennomsnittsverdi per del av døgn (ikkje per år som i oversiktskartlegging etter plan- og bygningslova) . Verksemda plikter å halde grenseverdiane for støy heile opningstida.

Konklusjon
Statsforvaltaren har kome fram til at fordelane ved verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgjer av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane vert drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil miljøtilhøva ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Statsforvaltaren gir derfor avfallsmottaket til Rolf Morten Løviknes løyve etter forureiningslova.

Fristar
Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	**Frist**	**Referanse til vilkår**
Luktrisikovurdering	1.3.2023	4.2.2
Årsrapport	1.3 årleg	11.5
Kartlegging av innhald av forureining i avrenningsvatn	1.3.2023	14.1
Melding til Statsforvaltaren ved stans i mottak o.l.	Innan 3 månader	16

[1] https://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/
[2] https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2015/juni-2015/maling-av-stoy-fra-industri/

Vedtak om saksbehandlingsgebyr
Statsforvaltaren tek saksbehandlingsgebyr for arbeid med løyve, jf. varsel datert 10.2.2021. Gebyret skal dekke kostnadane vi har med å behandle søknaden. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under gebyrsats 6 , jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale kroner 33 800,- i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er basert på Statsforvaltaren sin ressursbruk ved behandling av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage
Partane som er involvert i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker.

Partane har, med visse avgrensingar, rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil også kunne gi andre opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av verknad for saka.

Med helsing

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyve etter forureiningslova til Rolf Morten Løviknes

Kopi til:

NORDPLAN AS AVD NORDFJORDEID	Postboks 224	6771	NORDFJORDEID
Kari-Ann Haugland Horne	Tippa 9	6773	Nordfjordeid
Ole Jørgen Haugland	Tippa 23	6773	NORDFJORDEID
Reidun Smørdal Hjelle	Bjørhovdevegen 105	6773	Nordfjordeid
Galina Lebedeva	Lidene 3	6773	Nordfjordeid
Mats Hundeide Haugland	Lidene 3	6773	Nordfjordeid
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Kjartan Naustdal	Lidene 11	6773	Nordfjordeid

Statsforvalteren i Vestland

Løyve til verksemd etter forureiningslova

Rolf Morten Løviknes, Haugen i Stad

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, jf. avfallsforskrifta § 11-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknaden og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 5 til og med side 21.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Verksemd	Rolf Morten Løviknes
Stad/gateadresse	Hjalmavegen 43
Postadresse	6773 Nordfjordeid
Kommune og fylke	Stad i Vestland
Org. nummer (verksemd)	917 247 714 (eigd av 970 449 825)
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32N, aust: 336685, nord: 6870065
Gards- og bruksnummer	38/104
NACE-kode og bransje	38.2 Behandling og disponering av avfall
Kategori for verksemda [1]	-

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephortenummer
2021.0283.T	4649.0095.01 (ord. avfall) 4649.0095.02 (bilvrak) 4649.0095.03 (båtvrak)	20/8464

[1] Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven

Løyve gitt første gong: 12.4.2021	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: -	Løyve sist endra: -
Hallvard Hageberg senioringeniør	Gøsta Hagenlund sjefingeniør	

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 4

2 Generelle vilkår 4

2.1 Utsleppsavgrensningar 4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 4
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt 5
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 5
2.7 Internkontroll 5

3 Utslepp til vatn 5

3.1 Utsleppsavgrensningar 5
3.1.1 Utslepp frå punktkjelder 5
3.1.2 Diffuse utslepp 6
3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak 6
3.2 Utsleppspunkt 6
3.3 Sanitæravløpsvatn 7
3.4 Mudring ..... **Feil! Bokmerke er ikkje definert.**

4 Utslepp til luft 7

4.1 Utsleppsreduserande tiltak 7
4.2 Lukt 7
4.2.1 Luktavgrensing 7
4.2.2 Luktrisikovurdering 7

5 Grunnforureining og forureina sediment 7

6 Kjemikal 8

7 Støy 8

8 Energi 9

8.1 Energileiing 9
8.2 Utnytting av overskotsenergi 9

9 Avfall 9

9.1 Generelle krav 9
9.2 Handtering av avfall 10
9.2.1 Mottak av avfall 10
9.2.2 Generelle krav til handtering 10
9.2.3 Finansiell sikring ***Feil! Bokmerke er ikkje definert.***
9.2.4 Kompetanse 11
9.2.5 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall 12

10 Deponi for eige avfall 12

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren 12

11.1 Kartlegging av utslepp 12
11.2 Utsleppskontroll 12
11.3 Kvalitetssikring av målingane 12
11.4 Program for utsleppskontroll 13
11.5 Rapportering til Statsforvaltaren 13

12 Miljøovervaking 13

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 14

13.1 Miljørisikoanalyse 14
13.2 Førebyggjande tiltak 14
13.3 Beredskapsanalyse 14
13.4 Beredskapsplan 14
13.5 Beredskapsetablering 15
13.6 Øving av beredskap 15
13.7 Varsling av akutt forureining 15

14 Undersøkingar og utgreiingar 15

14.1 Utgreiing av utslepp til vatn 15
14.2 Utgreiing av diffuse utslepp ..... **Feil! Bokmerke er ikkje definert.**
14.3 Utarbeiding av program for utsleppskontroll 15

15 Eigarskifte, omdanning mv. 15

16 Nedlegging 16

17 Tilsyn 17

18 Vedlegg 1 - Liste over prioriterte miljøgifter 18

19 Vedlegg 2 20

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Løyvet gjeld for mottak av inntil 2 000 tonn avfall per år. Mengd samtidig lagra avfall skal ikkje på noko tidspunkt overstige 200 tonn, inkludert 60 tonn bilvrak og 30 tonn båtvrak. Grensa gjeld samla for avfall som er lagra før behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall. Tillatne avfallsfraksjonar, mengder og behandlingsmetodar går fram av tabellane i vedlegg 2.

Verksemda er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten utbetalar vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

Verksemda må ha førehandsgodkjenning frå Miljødirektoratet for å kunne miljøsanere kasserte fritidsbåtar før dei kan motta statleg tilskot til behandling av kasserte fritidsbåtar. Mottekne båtar kan ikkje vere lenger enn 15,00 meter (49,21 fot).

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensningar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er venta å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter dette løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet, jf. punkt 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg - utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.7.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift [2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensningar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha punktutslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering.

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

Tabell 3.1. Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar jf. punkt 11.2

Kjelde	**Komponent**	**Utsleppsgrenser**
		Konsentrasjon (mg/l)
Oljeutskiljar tilknytt vaskeplass	Olje	10
Oljeutskiljar/sandfang som ikkje er tilknytt vaskeplass	Olje	5

Utslepp frå verksemda vil kunne innehalde mindre mengder av annan forureining enn olje. Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering, vil verte gjennomført med grunnlag i utgreiinga som verksemda i samsvar med punkt 14 skal sende til Statsforvaltaren.

3.1.2 Diffuse utslepp

Verksemda skal sørge for at handteringa av avfall og utsorterte fraksjonar ikkje fører til forureinande utslepp til vatn ved diffuse utslepp. Diffuse utslepp som ikkje kan samlast opp frå uteareal skal avgrensast mest mogleg. Diffuse utslepp skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1.

3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak

Overvatn frå område rundt anlegget og takvatn skal førast utanom avfallsanlegget.

Overvatn frå alle utandørs område med krav til tett[3] eller fast[4] dekke skal førast via sandfang og eventuell oljeutskiljar før utslepp.

Diffuse utslepp som ikkje kan samlast opp frå uteareal skal avgrensast mest mogleg og skal ikkje føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrenser fastsett i tabell 3.1 vert haldne.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

3.2 Utsleppspunkt

Verksemda skal leie sitt avløpsvatn inn på kommunalt avløpsanlegg med utslepp i Eidsfjorden i samsvar med dei krava som kommunen stiller for påsleppet[5]. Endring av utsleppskrav eller utsleppsstad i løyvet til det kommunale avløpsanlegget, kan føre til at forureiningsstyresmakt stiller nye krav for avløpet.

[3] Med tett dekke meiner vi fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.
[4] Asfalt.
[5] Jf. forurensningsforksrifta kapittel 15A om påslepp

3.3 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er styresmakt for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsreduserande tiltak

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/ lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

4.2 Lukt

4.2.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene vert avgrensa mest mogleg.

Frekvensen av plagsam lukt ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

Dersom det kan oppstå luktproblem på grunn av verksemda sine aktivitetar og vi manglar kunnskap for å kunne fastsetje spesifikke krav, bør det gjennomførast ein undersøking for å auke kunnskap.

4.2.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljø-direktoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven.* Ved modifikasjonar av utstyr og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

Verksemda skal ha eit system for registrering av innkommande luktklagar som skal knyttast til stad og tid. Klagen skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar, og han skal rapporterast til Statsforvaltaren i samsvar med punkt 11.5.

5 Grunnforureining

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp

fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina grunn utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[6], eller ha løyve etter forureiningslova.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.[7]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, seljast eller brukast utan at dei følgjer krava i REACH-regelverket[8] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå[9] ved mest støyutsette fasade:

[6] Jf. forurensningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider
[7] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a
[8] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516
[9] Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt etter desibel-skalaen (dB) med nemningane "DEN", "evening" "night" og "AFmax". Nemningane er nærare definert i T-1442/2016 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".

Kvardagar (0700 – 1900)	Laurdag	Sun- og heilagdag	Kveld (1900 – 2300), kvardag	Natt (2300 – 0700), alle døgn	Natt (2300 – 0700), alle døgn
55 dB (A) L_{den}	50 dB (A) L_{den}	Ikkje drift	Ikkje drift	Ikkje drift	Ikkje drift

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptrer med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

8 Energi

8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift i anlegget. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemda. For material som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att i eiga eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar som er fastsett i eller med heimel i forureiningsregelverket[10].

Farleg avfall kan ikkje tynnast ut på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Mottak av avfall

Verksemd som mottar farleg avfall skal ha tilfredsstillande internkontrollsystem, jf. punkt 2.7 om internkontroll og internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal sikre at mottatt farleg avfall er deklarert eller lovleg importert slik at den vidare handteringa kan skje på ein forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13. Tilsvarande gjeld at mottak av ikkje-farleg avfall er tilstrekkeleg dokumentert slik at vidare handtering er forsvarleg og vil sikre mest mogleg gjenvinning.

Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge samansetjinga av avfallet.

Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved anlegget til verksemda , skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve.

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast går fram av tabellane i vedlegg 2.

9.2.2 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje fører til uakseptabel forureining til grunn eller overflatevatn.

[10] Sjå mellom anna avfallsforskifta og kapitel 18 i forureiningsforskrifta

I tillegg gjeld følgjande:

a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Beredskap.
b. Verksemda skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er handtert og lagra.
c. Avfall skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merkt slik at det går fram kva som er lagra.
d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danne farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
e. Alt avfall, uavhengig av mengd, skal lagrast innandørs og på tett dekke[11] med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan verte godtatt dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten sikrar minst eit tilsvarande miljøvernnivå.
f. All lagring av flytande farleg avfall skal ha eit system som er eigna til å hindre overfylling.
g. Tankar, basseng o.l. som inneheld flytande farleg avfall skal ha overfyllingsvarsel og, der det er teknisk mogleg, overfyllingsvern.
h. Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiing og etablering av framande, skadelege artar. Risikoen for spreiing av framande og/eller skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. www.artsdatabanken.no.

I tillegg gjeld krava i følgjande forskrifter:

- Avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte køyretøy

Miljøsanering av kasserte fritidsbåtar skal minst omfatte manuell fjerning av

- batteri og tankar for flytande gass,
- oljefilter,
- drivstoff, olje og alle andre væsker som inneheld farlege stoff,
- kvikksølvhaldige komponentar,
- septiktankar,

med mindre det kan dokumenterast minst like god miljømessig forsvarleg behandling ved ein seinare mekanisk, kjemisk eller metallurgisk prosess.

Vidare skal verksemda

- vurdere om båten kan innehelde andre material, blandingar og komponentar som er farleg avfall,
- sikre at personell har tilstrekkeleg kompetanse til å fylle krav om forsvarleg behandling.

Avfall frå verksemda skal berre handterast vidare av aktør med løyve frå eller særskild aksept frå forureiningsstyresmakt.

9.2.3 Kompetanse

Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemda sin miljørisiko og gjennomføre betringstiltak for å sikre at verksemda driv i samsvar med løyve og anna regelverk.

[11] "Tett dekke" skal vere fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

9.2.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Verksemda skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengd avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal kartleggje alle utsleppa til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både punktutslepp og diffuse utslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingane skal utførast slik at dei vert representative for dei faktiske utsleppa til verksemda og dei skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i tabell 3.1 under punkt 3.1.1 i løyvet
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volum-straumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i slike tilfelle kunne

dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse vert utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver.

11.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første ledd), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:
- ei utgreiing om dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- ei grunngjeving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året. Rapport om handtrering av kasserte køyretøy kan sendast via Autostat. Rapport om handtering av ordinært avfall og kasserte fritidsbåtar skal sendast til Statsforvaltaren, eller via www.altinn.no når dette vert etablert for avfallsanlegg. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no. Inntil rapportering via www.altinn.no vert tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren.

Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

Dersom måling av forureina avløpsvatn viser uakseptabel forureining, skal verksemda overvake korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultata med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom m.v. og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan verte råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

a. organisering av beredskapen
b. nødvendig beredskapsutstyr
c. nødvendig mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forurensning.

13.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift[12]. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utgreiing av utslepp til vatn

Verksemda skal kartleggje/gjere greie for innhald av forureining inkludert prioriterte miljøgifter i punktutslepp og diffuse utslepp frå overflateavrenning ved å

- kartlegge kjelder til punktutslepp
- talfeste storleik på kvart punktutslepp
- identifisere kva for stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Verksemda skal utføre nødvendige målingar for å kunne avgjere innhald av dei ulike stoffa i utsleppa
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse utsleppa

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1.3.2023.

14.2 Utarbeiding av program for utsleppskontroll

Verksemda skal utarbeide måleprogram for kontroll med utslepp av rapporteringspliktige komponentar.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdrege til ny eigar, fisjonerer/fusjonerer får ny eigar med avgjerande innverknad, på annan måte endrar eigarstruktur eller overfører

[12] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

forureinande verksemd til nytt ansvarleg forma, skal det sendast melding til Statsforvaltaren så snart som råd og seinast ein månad etter eigarskiftet. Eit eigarskifte fører ikkje til endring/bortfall av den finansielle sikringa stilt av selskapet og/eller sikring stilt av tredjepart, bankgaranti medrekna. Statsforvaltaren kan etter søknad frå driftsansvarleg selskap, eigar eller mogleg framtidig eigar, godkjenne endringar/ombyte av garantiar og sikringar stilt av eigar og/eller bank dersom det kan dokumenterast at dette vil gi tilfredsstillande sikring.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdrege, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med avgjerande innverknad, eller på annan måte vert omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren.

16 Nedlegging

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet gjeld vidare inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift[13]. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

[13] Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

18 Vedlegg 1 - Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (difenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat	
Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl

4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. saltar av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedea perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	**PAH**

Ftalat	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	**BPA**

Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

19 Vedlegg 2

Tabell 1. Avfallstypar som vert tatt imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoffnummer	**Avfallstype**	**Mengde som til ei kvar tid kan lagrast (tonn)**	**Maksimal lagringstid**
7000 - 7999	Farleg avfall	0	
1100 – 5999 og 9900	Ikkje-sortert ordinært avfall frå næring	100	30 dagar
1100 – 5999	Sortert ordinært avfall frå næring	200 (samla mengd ordinært avfall)	12 månader
1141 – 1143 og 1149	Trevirke Av dette: kverna trevirke	 0	12 månader
1400	Metall		12 månader
1500 - 1599	EE-avfall		12 månader
1600 – 1699	Massar og uorganisk material		12 månader
2411, 2421 og 2441	Kasserte køyretøy Ikkje sanerte Sanerte	 60	 7 dagar 12 månader
2431	Kasserte fritidsbåtar Ikkje-sanerte Sanerte	 30	 7 dagar 12 månader

Tabell 2. Tillatne avfallstypar, avfallsmengder og behandlingsmåtar:

Avfallsstoff-nummer	**Avfallstype**	**Årleg mengd i tonn**	**Behandlingsmåtar**
7000 - 7999	Farleg avfall	0	
1100 – 5999 og 9900	Ikkje-sortert ordinært avfall frå næring	2 000 (samla mengd ordinært avfall)	Lagring, sortering, kverning, knusing, emballering
1100 – 5999	Sortert ordinært avfall frå næring		Lagring, kverning, knusing, emballering
1141 – 1143 og 1149	Trevirke	1 500	Lagring, sortering
1500 - 1599	EE-avfall		Lagring, sortering, emballering
1600 – 1699	Massar og uorganisk material		Lagring, sortering
2411, 2421 og 2441	Kasserte køyretøy Usanerte Sanerte	600	 Miljøsanering, pressing Lagring
2431	Kasserte fritidsbåtar Usanerte Sanerte	150	 Miljøsanering Lagring